


utposten

Nr. 7/8 - 1999
Årgang 28

Julebilag

*Blad for
allmenn- og
samfunns-
medisin*



UT
POSTEN

UT PO ST EN

utposten

Kontor:

RMR/UTPOSTEN
Sjøbergvн. 32, 2050 Jessheim
Tlf. 63973222 Fax 63971625
E-mail: rmrtove@online.no

Adresseliste redaktorene av
UTPOSTEN:

Torgeir Gilje Lid
Koordinator
Heskestadv. 11
4015 Stavanger
tlf: 51521071
fax: 51526152
E-mail: giljelid@online.no

Jannike Reymert
Skogstien 16
7800 Namsos
Tlf: 74 27 33 50
Fax: 74 27 54 10
E-mail: jannike.reymert@nt.telia.no

Elisabeth Swensen
3841 Flatdal
tlf: 3505 2121
Fax: 35052361
E-mail: elswense@online.no

Gunnar Strøno
Skogv. 29
3660 Rjukan
tlf: 35092228
Fax: 35090640
E-mail: gunnars@telnett.no

Frode Forland
Herregårdsv. 2 F
1168 Oslo
tlf: 22750561
fax: 22248868
E-mail: frode.forland@helsetilsynet.dep.telemax.no

Erik J. Pedersen
Heskestadv. 13
4015 Stavanger
tlf: 51527560
fax: 51508383
E-mail: ejped@online.no

Tone Skjerven
Modum Bad
3370 Vikersund
tlf: 32787096
fax: 32788308
E-mail: Tone.Skjerven@c2i.net

Forsidefoto:
Geir Egil Bergjord

Design & trykk:
PDC Tangen a.s Aurskog

Aequanimitas

Ein liten blomekrans

til Sir William Osler (1849–1919)

Av Arvid Vatle



Kvifor Osler?

Som utvekslingsstudent ved universitetsklinikken i Jerusalem gjekk eg ein gong i 1962 inn i ein medisinsk bokhandel. Der vandra eg omkring og let augo gli over hylrometer på hylrometer av medisinske bøker frå alle spesialitetar.

For ein uendeleg masse med kunnskap! Eg kjende meg nedtyngd, lei og tom. Kvar i studiet hentet du inspirasjon og motivasjon, tenkte eg. Kva er meiningsa med det heile? Tankane gjekk til Goethes Faust og det tørre kunnskapsmennesket, famulus Wagner. Er det slik vi blir etter seks års intense universitetsstudier, tenkte eg. Der stod eg, kjende meg utan djupare overtyding og tvila på om det å bli lækjar eigentleg var det rette.

Så fann eg ei lita bok på 150 sider: One Surgeon's Practice, av den pensjonerte, amerikanske kirurgiprofessoren Frederick Christopher. I føreordet rår han til nokre bøker for den som står i byrjinga av yrkeslivet sitt som medisinar. Ei av desse var *Aequanimitas and Other Essays* av William Osler.

Butikkmannen spurde tydeleg vonbroten om den vesle boka var alt eg fann. Jau, det var nok det.

Så sende eg ei tinging til universitetsbokhandelen i Berlin, der eg studerte. Då eg kom tilbake til den sektordelte storbyen, låg *Aequanimitas* og dei andre bøkene klare og venta. Sidan då har denne boka vore min trufaste fylgjevein gjennom 37 år og Osler har vore min medisinske og menneskelege mentor. Gjennom *Aequanimitas* meiner eg å ha fått ei djupare overtyding om kva det vil seie å vera lækjar og menneske.

Kort samandrag av William Oslers liv

Kven var no eigentleg denne personen William Osler? Han vart fødd som den yngste av ni sysken i den vesle bygda Bond Head i Ontario, Canada, den 12. juli 1849. Faren var prest og slekta stamma frå sjøfarande folk frå Cornwall i England. Dei djupe, brune augo til William Osler vitna truleg om keltisk blod i årene.

William var etla til å bli prest og byrja på dette studiet. Men han skifte snart over til medisin ved Toronto Medical School og seinare ved McGill Medical School i Montreal. Der vart han professor i medisin i 1874. I 1884 vart han kalla til USA som professor i medisin i Philadelphia, ved University of Pennsylvania. Men i 1889 flytte han over til Johns Hopkins i Baltimore. Der klarte han å reformere både sjukhusdrift og klinisk undervisning. Han brakte studentane til sjukesenga og dreiv etter tysk førebilete. Fleire studiereiser i Europa hadde overtydd han om at det tyske systemet var det beste.

Han gjorde arbeidet sitt så godt at han i 1905 vart kalla til den ærefulle stillinga som kongeleg professor (Regius professor) i medisin i Oxford, England. I 1911 vart han adla til

Sir William Osler, baronet. Same året utnemnde universitetet i Christiania (Oslo) han til æresdoktor.

Sir William vart gift i godt vaksen alder. Han fekk to søner. Den ein døydde som nyfødd, den andre vart drepen av fienden i første verdskrig. William Osler døydde 29. desember 1919.

Kvifor kan Osler vere viktig for oss i 1999?

I 1892 heldt William Osler i Boston eit foredrag om spesialisering på årsmøtet til dei amerikanske barnelækjarane. Han var då motig nok til å sei at ingen i profesjonen vår er så farlege som dei som så og seia er født inn i han som spesialistar.

På den eine sida var Osler ein stor klinikar. Namnet hans er knytt til Oslers knutar ved endocarditis lenta, til teleangiekta hereditaria og til polycythaemia rubra vera. Men om han var stor i medisin som vitskap, var han enda større i medisin som kunst. Her har han framleis mykje tidlaust å gi, slik han gjer det i *Aequanimitas*. I store delar av den engelsktalande medisinske verda har William Osler bortimot helgenstatus. Ved mange medisinske sentra er det Osler-klubbar som prøver å halda arven frå Sir William ved like.

Osler var både ein reduksjonistisk vitskapsmann og altomfearnande humanist i same person. Han hadde i seg eit melankolsk drag, seier medisinhistorikaren Charles Singer, som hadde dagleg omgang med Osler i 15 år. Osler var som eit menneske som hadde opplevd ei djup sorg. Samstundes hadde han ei ytre framferd som ved overflatisk betraktnign kunne gi inntrykk av det motsette. Den lyttige, sumtid bortimot frivole sida av Osler kom stundom fram i epistlar signert «Egerton Yorrick Davis».

I 1892 gav William Osler ut *The Principles and Practice of Medicine*. Denne læreboka vart etter kvart omsett til både fransk, tysk, spansk og kinesisk. Den vart den mest brukte indremedisinske læreboka i verda i omlag tretti år.

Den kjente nevrokirurgiske pioneren Harvey Cushing skreiv ein biografi på over 1400 sider om Sir William Osler (1). Det er eit svært grundig arbeid som det står respekt av. Men eg kan ikkje fri meg for at den er vel «offisiell» og gir lite innsikt i djupare drag av Oslers vesen. Eit minneband redigert og utgjeve i 1926 ved Maude E. Abbot er på over 600 sider (2). *Bibliotheca Osleriana*, eit bibliografisk band som inneheld korte omtalar av Oslers eiga boksamling, er på mest 800 sider (3). Den danske lækjaren Anker Aggebo publiserte i 1966 boka «Sir William Osler, læge og livskunstner» på 60 sider (4).

Tallause er dei små og store publikasjonane om denne sermerkte kanadiske lækjaren. Kvifor då skrive enda ein artikkel om Osler? Trongen er der, avdi forfattaren ynskjer å minnast Sir William det året han fyller 150 år, som om det var ein god og nær ven. Biletet hans har pryda kontorveg-



The Saint John's Hopkins Hospital
by M. Brödel. (By courtesy of Johns Hopkins
University, Baltimore, USA.)

The Saint-Johns Hopkins Hospital

gen min i alle år og sume har spurt om det er Arne Garborg.... Forfattarens vesle skjerv til 150-årsbildet vil vere ein omtale av innhaldet i boka *Aequanimitas*. Den er ei samling på 22 foredrag av Sir William Osler. Det vil først og fremst bli lagt vekt på å la Osler få tala gjennom sine eigne ord. Såvidt eg veit, har ikkje nokon før omsett delar av *Aequanimitas* til norsk.

Eg vonar at fleire, serleg yngre lækjarar, kan få noko med seg av Oslers livsvisdom og kultur.

Språket til Osler er eit uvanleg vakket engelsk, som heile tida speglar av djup klassisk danning og menneskeleg varme. Artiklane hans er svært rike på sitat og tilvisingar til relle og litterære personnamn. Desse kan få ein til å spore opp kvar dei kjem frå og såleis medvirke til at vi får nye kunnskapar i litteratur og historie.

Goethe sa ein gong at trøngen for sann kunnskap ofte manifesterer seg i å finna ut korleis folk i tidlegare tider tenkte og handla. Dette føler eg at Osler var eit døme på.

Ei fin, moderne innføring i Oslers tankearv finn vi i eit nydeleg verk utgjeve i Canada i 1994 (6).

Eg kallar denne vesle fødselsdagsgåva til Osler «ein liten blomekrans». Lat meg, før eg byrjer på ein systematisk attgjeving av artiklane i *Aequanimitas*, plukke nokre vakre, angande blomar:

Gløytm alt anna, men ta med deg ei djup overtyding om kor viktig det er å arbeide systematisk. Lat kvar time på dagen ha si tildele oppgåve!

Lytt aldri på nokon som talar vondt om ein kollega!

Lat meg gi deg som medisinarstudent ei liste over bøker som du kan ha varig nytte av å spandere dagens siste halvtime på d

studere. Det finst mange andre, men desse kan gi deg verdiar for livet. Det er utrleg kor mykje ein kan kome over ved berre å lesa ein halv time dagleg! Her er lista:

1. *Det gamle og Det nye testamentet*
2. *Shakespeare*
3. *Montaigne*
4. *Plutarks «Liv»*
5. *Marcus Aurelius*
6. *Epiktet*
7. *Religio Medici av Sir Thomas Browne*
8. *Don Quijote*
9. *Emerson*
10. *Oliver Wendell Holmes sine Breakfast Table Series*

Meir enn nokon annan treng lækjaren kultur like mykje som kunnskap.

Vi lyt vere uendeleg toluge mot pasientane våre, lyt ikkje dei også vere det same mot oss?

Uvisse høyrer ikkje berre til medisinsk vitskap og kunst. Livet i seg sjølv med von og otte er uvisst.

Dette var ei nokså tilfeldig utplukking frå blomekransen.

Lat meg så prøva å gjennomgå kvart av dei 22 foredrag i artikkelsamlinga og plukke ut nokre av dei avsnitta som har betydd mest for forfattaren.

Aequanimitas

AVSKILSFØRELEsing VED UNIVERSITETET I PENNSYLVANIA,

1. MAI 1889. ARTIKKELEN ER PÅ VEL ÅTE SIDER.

Ingenting er viktigare for lækjaren enn å kunne stå for ein støyt og ha nervene under kontroll (imperturbability). Det er ikkje berre viktig, men nødvendig å vera litt tjukkhuda for å kunna vurdere roleg.

Far fint med denne finslege, godtrugne gamle menneskenatura som vi arbeider med.

Prøv då, mine herrar, å herde dykk nok til å kunna møte fast og motig påkjenningane i praksis. Men akta dykk for å herde hjarto dykkar, tak vare på det som gjer livet verdt å leve.

Like viktig på pilgrimsferda vår som å kunne stå for fysiske påkjenningar er ein tilsvarande psykisk eigenskap. Då Antoninus Pius låg for døden i heimen sin i Lorium i Etruria, samanfatta han livsfilosofien sin i ordet *aequanimitas, sinnsro*. Det er dette vi bør strebe etter. Kor vanskeleg å nå, men likevel kor nødvendig både i medgang som i motgang. Syn deg djerv, også når det røyner som verst! Godt er det om du held ut i striden, for då vil du vinne.

Tak med deg i striden livsordet til den gode gamle romaren: *aequanimitas, sinnsro*.

Merknad: Antoninus Pius regjerte som romersk keisar frå 138–161.

Lækjar og sjukepleiar

JOHNS HOPKINS HOSPITAL, 1891.

ARTIKKELEN ER PÅ VEL FEM SIDER.

Lykka ligg i å vere oppslukt av ei gjerning som tilfredsstiller sjela, at vi er her for å gi det vi kan til, ikkje ta det vi kan frå livet.

Menneska har bak seg ei soga full av sterke kjensler og æregir, av veikskap og fåfengd. Ofte er soga barbarisk og umenneskeleg.

Vi er ikkje her for å få kva vi kan ut av livet for oss sjølve. Vi er her for å prøve å gjere andre lykkelegare.

Kjærleiken sitt sanne vesen fekk kjøt og blod på seg i det alltid minneverdige svaret på det alltid minneverdige spørsmålet: kven er nesten min? Svaret på det spørsmålet endra verda si haldning.

Merknad: Osler tenkjer her på Lukas 10,29 og forteljinga om den miskunnsame samaritanen, som tok seg av den skamslegne reisande. Ein prest og ein levitt hadde bde drege forbi stakkaren.

Lærar og student

UNIVERSITETET I MINNESOTA, 1892.

ARTIKKELEN ER PÅ VEL 19 SIDER.

Eit akademisk system utan personleg kontakt mellom lærar og student er som ein arktisk vinter.

Lækjaren treng ei blanding av intellektuelle og moralske dygder som ingen annan.

Tileigna deg tidleg kunsten å frigjere deg frå alt som lokkar og dreg til alle kantar (*the art of detachment*). Lær deg sjølvdisiplin.

Tileigna deg ein metode, berre geniet kan klara seg utan (*the virtue of method*). Medisin er ein kunst, tufta på vitskap og den arbeider med vitskap, i vitskap og for vitskap. Men lækjaren vil kanskje aldri arbeide med ein eksakt vitskap som astronomen og ingeniøren gjer det. Finst det då ingen medisinsk vitskap? Jau, men berre på visse område, som til dømes i anatomi og fysiologi.

Tileigna deg kvaliteten av å vera grundig (*the quality of thoroughness*). Då vil du unngå å verte ein sjarlatan.

Tileigna deg det vakre ved å vera audmjuk, det er kanskje den viktigaste eigenskapen du kan ha (*the grace of humility*). Utan at du er audmjuk vil karakteren din mangla noko som gjer den varig. Dette høyrest kanskje litt gamaldags ut, i ei tid når alle aggressivt hevder seg sjølve i stressande tevling. Men når du tenkjer på eigne feilar, vil du lettare kunna tilgi andre. Med orda til Sir Thomas Browne vil du «allow one eye for what is laudable in them...»

Jorda sine gode frukter er lette å dyrka, medan menneskehugen sine frukter veks langsamare og krev lengre tilsyn.

«Es bildet ein Talent sich in der Stille...», i det rolege livet som er naudsynt for langvarig arbeid mot eit høgt mål.

Det er ei trøyst å tenkje på kva eg ville verte og ikkje vart. (Rabbi Ben Ezra)

Valet er ditt, vegane legg opne framfor deg: søk alltid dine eigne interesser, gjer eit heilag kall om til noko trivielt. Sjå på medmenneska dine som middel til å oppnå dine mål. Dersom det er rikdom du trår etter, vil du kanskje vinne den såleis. Men samstundes vil du ha fråskrive deg retten til ein edel arv. Du vil ha svike lækjaren sitt velfortente omdøme som menneskeven og du vil ha vraka dei beste tradisjonane til eit gamalt og ærverdig laug.

Medisin og lækjarar hos Platon

JOHNS HOPKINS HOSPITAL HISTORICAL CLUB, 1893.

ARTIKKELEN ER PÅ 28 SIDER.

I den greske gullalderen hadde medisinen, som i dag, eit trifaldig forhold til vitskap, kroppskultur og teologi.

Platon skjøna fullt ut at blodet var næringeskjelda: *Væska som vi kaller blod nærer kjøtet og heile lekamen, den vatnar alle delar og fyller tote rom.*

Psykologien til Platon har ein merkverdig moderne dåm, i motsettad til anatomien og fysiologien hans. Andre filosofar har turka opp og visna. Etter nokre få hundre år er dei blitt til stov. Men Platon er frisk og blømande og avlar støtt nye tankar i mannehugen.

Merknad: Osler held seg til B. Jowett si engelske utgåve av Platos dialogar. Den er å få antikvarisk og har eit vidunderleg engelsk. Osler kjem inn på Platon sine fysiologiske og patologiske spekulasjonar og på analogiar som Platon dreg til medisin og lækjarar. Til slutt kjem han inn på den greske lækjaren sin sosiale status, slik ein kan slutte seg til det frå dialogane. Han dreg her fram mellom anna lækjaren Eryximachos i dialogen Gjestebo-det.

Surdeigen vitskap

TALE VED OPNINGA AV THE WISTAR INSTITUTE OF ANATOMY AND BIOLOGY, 21. MAI 1894. ARTIKKELEN ER PÅ 19 SIDER.

Ved å minnast ei ærerik fortid finn einskildmenneske og nasjonar den edlaste inspirasjonen sin.

I romersk historie les vi om ceremoniane til minne om dei avlidne og vi skjørnar kor viktig det var for etterkomarane å kjenna at dei hørde saman med forfedrane. Kvardagens kalde rutine fekk ein gneist av energi frå det guddomelege møtet med edle, farne sjeler (*the touch divine of noble nature gone*).

Det er lett å prisa atenarane blandt atenarar, men kvar er det fakultetet i landet vårt som kan visa til ei slik rekjkje

namn i faget [anatomii]: Shippen, den første læraren i anatomi, Wistar, som forfatta den første læreboka i anatomi, Horner, som var den første bidragsytaren til anatomi i vårt land, og Leidy, ein av dei største samanliknande anatomane i sin generasjon?

For lækjaren er ein vitskapleg disiplin ei uvurderleg gáve. Den gjennomsyrer heile livet hans og lærer han å tenkja eksakt og temjer hugen hans med avbalansert skepsis. Berre soleis kan lækjaren midt i all uviss praksis oppnå å bli vis og sæl.

Kva er eigentleg utdanning, anna enn ei umerkeleg, langsam endring gjennom påverknad frå ytre forhold, det vere seg frå det skrivne ord frå store sjeler til alle tider, det vere seg vakre og harmoniske omgivnader av natur og kunst, såvel som medmenneska våre sine gode eller därlege liv.

Merknad: The Wistar Institute er også i dag eit velrenomert forskningssentrums i Philadelphia, Pennsylvania. Caspar Wistar etterfylgte William Shippen som professor i anatomi ved universitetet i Pennsylvania i 1808. Til han døyde i 1818, var Wistar med på å innføra den store fornøyaren John Hunter sine anatomiske metodar.

William E. Horner vart etter Philip S. Physick professor i anatomi i 1831. (Han er ikkje mannen med «Horners syndrom» – det var sveitsaren Johann F. Horner. Men han er mannen bak Horners muskel).

Då Horner døde i 1853, vart Joseph Leidy etterfylgjaren.

Militærlekjaren

ARMY MEDICAL SCHOOL, WASHINGTON, 28. FEBRUAR 1894.

ARTIKKELEN ER PÅ 15 SIDER.

Den mest kostesame av alle utdanningsgåver er å koma fram til eit sant ideal av kva livsgjerninga di skal vere.

Å vere sjølvtilfreds er ein sinnstilstand som ofte gir seg til kjenne mest intenst der det er minst grunn til det. Stundom er denne tilstanden både hos individ og i komitear så sterkt uttala og på så spinkelt grunnlag, at han kan samanliknast med stormannsgalskap hos den sinnslidande.

Ikkje utanfrå, men innanfrå blir vi opplyste.

Ha berre eitt mål å streva etter: gjer dagens arbeid godt! Dei som ferdast på veggen til framgang lever i notida. Dei tenkjer ikkje på morgondagen. Ein gong har dei fått prenta djupt inn i hjarto sine orda å vismannen frå Chelsea: Oppgåva di er ikkje å sjå kva som ligg uklårt i det fjerne, men å gjere det som ligg klårt rett framfor deg.

Sume kollegar som ferdast på praksisvegen frå Dan til Beersheba har ei stakkarsleg innstilling. Ved kvart steg ropar dei ut kor trasig alt er, kor keisamt og kor rutineprega. Med Laurence Sterne kan vi tykkje synd i slike. Dei veit ikkje at det trasige ligg inni dei sjølve.

Berre å samle på fakta treng ikkje vera utviklande. Mange veks mentalt gjennom livet som krystallen: lag legg seg på

lag. Når dei er femti, har dei den same *unicellulære blastodermen* som dei starta med. Organisk vokster er av eit anna slag. Umerkeleg, år etter år, finn du at det har skjedd noko med det *mentale protoplasmaet* ditt. Du har ikkje berre vakse ved assimilasjon, men ved sann utvikling.

Som klinikarar studerer vi eksperimenta som natura gjer på medmenneska våre. I slående kontrast til eksperiment i laboratorier, mangler dei det eksakte. Dei er så variable at dei valdar både fortviling og jubel: fortviling hos dei som berre ser etter faste lover i ei kunst som framleis er sterkt empirisk. Men dei skaper jubel hos dei som der finn eit uttrykk for ei universell lov som transcenderer, ja, til og med gjer narr av det småleg akkurate ved reagensglas og vekter.

Loven som seier at mennesket er alle tingens målestokk, finn at sjølve marginen i tilverket er forandring, variasjon og rørsle.

Sky som pesten den innstillinga som me diverre for ofte finn hos lækjarar som føler seg overlegne og berre kan ferdast saman med kollegar med flotte akademiske titlar og som går i klede av dyraste slag.

Merknad: Med vismannen frå Chelsea er meint den store humanisten og Erasmus-venen Sir Thomas More (1478–1535). Men det kan vere at det nemnde sitatet like gjerne er frå Thomas Carlyle (1795–1881).

«Frå Dan til Beersheba» er eit bibelsk uttrykk for Det heilage landet, frå Dan i nord til Beersheba i sør, det vil seia heile landet, i overført tyding heile livet.

Undervising og tenkjing. Dei to funksjonane til eit universitet

MCGILL MEDICAL SCHOOL, 8. JANUAR 1895.

ARTIKKELEN ER PÅ 13 SIDER.

Suter og sorger er felagar som før eller seinare kjem til å fylge med oss på pilgrimsferda vår.

Tenk på den *nemesis* som har innhenta smerte dei siste femti åra! Anestesi og antiseptisk kirurgi har mest lagt den demonen i lekkjer.

Det er ikkje slik at vi alle lever opp til dei høgaste ideal, langt i frå! Vi er berre menneske. Men i alle fall har vi ideal, det er viktig. Enda viktigare er det at ideala faktisk kan realiserast.

Dei tre store framstega i dette hundreåret har vore kunnaskapen om korleis vi kan kontrollere epidemiske sjukdomar, innføringa av anestesi og bruken av antiseptiske metodar i kirurgi.

Det finst berre to slags lækjarar: dei som praktiserer med hjernen og dei som praktiserer med tunga.

Trongen til å ta medisin er noko som sermerkjer menneska frå andre levevesen.

Indremedisin som livsgjerning

NEW YORK ACADEMY OF MEDICINE, 1897.

ARTIKKELEN ER PÅ 13 SIDER.

Syfilis er den einaste sjukdomen vi treng å studere grundig. Kjenn syfilis og alle dei ulike formene den kan opptre i, så vil alle andre kliniske kunnskapar bli gitt deg!

Om den unge lækjaren reiser utanlands eller ikkje for studier, så la han i alle fall tidleg unngå den lagnadstunge feilen å bli ein sjåvinist. Det viktigaste er å få ein breid horisont så tidleg som mogleg. Dette er vanskeleg å oppnå utan å reise.

La den unge lækjaren vere ein pluralist, la han ikkje bli fanga i eit eller anna spesialitetsgarn!

Den beste kunnskapen om sjukdomane sine uendelege variasjonar får du ved å studere patologisk anatomi over lengre tid

Når du legg planar i god tid, er det forbausande kor godt andre forhold høver inn.

Alt kjem til den som har lært å arbeide og vente, som nyt tar tida si «*ohne Hast, aber ohne Rast...*»

Den unge lækjaren bør vere varsam med kva og korleis han publiserer. La han ta vare på utdanninga si, så vil omdømet hans koma av seg sjølv.

Du treng ikkje bu i ein stor by for å bli ein god indremedisinar.

Lat gamle menn lese nye bøker. Som ung bør du lese tidskrift og gamle bøker!

Gloym ikkje Sydenhamss vidkjende råd til den unge medisinaren som spurte kva for bøker han burde lesa. Sydenham svara: Don Quijote!

Ver varsam når du flørter med pressa. Før eller seinare vil ho svikte deg! Ho har tappa mang ein mann for krefter og teke vekk tilliten hans blandt kollegar.

I eit skodespel av Oscar Wilde seier ein av personane at det berre finst to tragedier i livet. Den eine er at du ikkje oppnår det du vil. Den andre er at du oppnår det. Eg har kjent klinikarar som i den travle kvarldagen, overfylt med plikter og oppgåver, har sanna det bitre i dette ordet. Deira store suksess då dei vart seksti brakte ikkje den gleda dei hadde vona på då dei var førti.


Betre ein neve med ro enn båe hendene fulle av strev og jag etter vind.

Sjukepleiar og pasient

JOHNS HOPKINS HOSPITAL, 1897. ARTIKKELEN ER PÅ ELLEVE SIDER. Kvinner kan alltid lure menn, sumtid også kvarandre.

Det er ikkje så mange som ønsker å vere fåmelte i desse pratesjuke tider. Skvaldringa til *bander – log* omgir oss over alt. Sume meiner at tale har kome i staden for tanke.

Det opne pratet om eigne sjukdomar er eit grovt brot på



William Osler by SS Thomas.
(By courtesy of University of California,
San Francisco, USA).

god skikk og bruk. Utan tvil kjem det av at vi lever i ei tid der alt skal gjerast kjent. Vi tillet kloakken frå tabloidpressa å skitne til livets elv!

Diakonissene i Kaiserswerth har synt verda vegen!

Merknad: Med uttrykket «bander-log» refererer Osler til apefolket i Rudyard Kiplings Jungleboka.

Den protestantiske diakonisserørsla vart grunnlagd i Kaiserswerth av presten Theodor Fliedner (1800–64).

Eg kjenner ikkje godt nok til den historiske bakgrunnen for dette foredraget.

kunst. Likevel kan han mangla dei finare kvalitetane i hovud og hjarte som tel så mykje i livet.

Sydenham, ikkje Linacre eller Harvey, er idealt for britiske lækjarar. I han var alle praktiske instinkt koncentrerte, slik vi verdset det i den anglosaksiske karakteren.

Ved å forsøme studiet av humanistiske fag, misser profesjonen ein verdfull kvalitet. Dette har skjedd i altfor stor grad.

Merknad: Med idéhistorisk perspektiv skildrer Osler kritisk og optimistisk britisk medisin i Storbritannia, Nord-Amerika, Australia, New Zealand og India.

Britisk medisin i Det britiske samveldet

BRITISH MEDICAL ASSOCIATION, MONTREAL, 1897.

ARTIKKELEN ER PÅ 26 SIDER.

Over peisen i Sir Henry Acland sitt bibliotek heng det tre portrett, av Linacre, Sydenham og Harvey. Dei har titlane *Litterae, Praxis, Scientia*. Dette store trekloveret er inspirasjonskjeldene til britisk medisin slik den er blitt i dag.

Ein lækjar kan ha Harvey sin vitskap og Sydenham si

Sir Henry W. Acland (1815–1900) var Regius professor of medicine i Oxford. Etter han kom Sir John Burdon Sanderson, før William Osler overtok.

Thomas Linacre (1461–1524) fann stor inspirasjon i gammalgresk litteratur og var ein av si tids fremste kjennarar av antikk gresk kultur og tanke. Han var praktiserande lækjar og den første presidenten i The Royal College of Physicians i London. Erasmus frå Rotterdam var ein av pasientane hans.

Linacre er gravlagd i St. Pauls-katedralen i London.

*William Harvey (1578–1657) er best kjent som oppdagaren av det store blodomløpet. Han publiserte i 1628 den klassiske avhandlinga *De motu cordis*. Harvey var elles ein framståande embryolog og skreiv boka *De generatione animalium*. Han praktiserte medisin i London og miste mange pasientar då han publiserte boka si om det store kretsløpet. Folk kunne ikkje stola på ein person som braut slik med det hevdunne!*

Thomas Sydenham (1624–89) er kalla Den engelske Hippokrates. Han ville tilbake til observasjon av pasienten i staden for å lita for mykje på bøker og autoritetar. Sunt bondevit var betre enn ukldre teoriar, meinte han.

Etter tjuefem år

McGILL COLLEGE, MONTREAL 1899.

ARTIKKELEN ER PÅ 16 SIDER.

Etter ti år med hardt arbeid drog eg frå denne byen som ein rik mann, men ikkje på jordisk god og gull. Heldigvis eller uheldigvis aktar eg ikkje så mykje på jordisk rikdom. Men eg var rik på gods som korkje moll eller rust tærer på: på skattar av venskap og gode kollegar.

Om å undervise kan det seiast det same som Izaak Walton seier om sportfiske: du må ha det i blodet!

Studentane prøver utan tvil å lære for mykje og vi lærarar er ihuga pådrivarar.

Vi gløymer det grunnleggjande prinsippet til Platon, at utdanning er ein livslang prosess. Studietida er berre ei byring. Systemet vårt krev for mykje av studentane på kort tid. Vi kan bare pode inn prinsipp og setja studentane på rett veg. Vi kan gi dei metodar og læra dei korleis dei skal studera. Tidlegast mogleg kan vi lære dei å skilje mellom vesentleg og uvesentleg.

Fullkommen lykke vil kome både for student og lærar når vi kan avskaffe eksamenar. Dette er ikkje så utopisk som vi kanskje skulle tru!

Lækjaryket garanterer til kvar og ein av dykk eit lykkeleg, tilfredsstillande og nyttig liv.

Byrja ikkje med noko høgare mål enn å bli ein god allmenlækar. Han er sjølvemargen i profesjonen vår, med raust hjarte og klårt hovud. Ikkje alltid er han skolert i siste nytt i vitenskapen, men han er røynd i samveret med den sjuke.

De skal bli medlemmer av ein høivisk og liberal profesjon. Dess meir de ser av livet utanfor den snevre sirkelen av arbeidet dykkar, dess betre vil de stå rusta i striden.

Tenk ikkje på morgondagen! Lev korkje i fortid eller framtid, men satsa alt på dagens arbeid, lat det vera ditt høgaste mål.

Religio Medici av Sir Thomas Browne er ein av dei store engelske klassikarane. Den boka bør vera i hendene og i

hjarto på kvar ein medisinstudent. Inga anna bok har hatt så mykje å seia i mitt eige liv.

Medisinstudenten lyt hugse at målet er ikkje å bli kjemiker, fysiolog eller anatom, men lækjar!

Merknad: Izaak Walton (1593–1683) gav i 1653 ut boka *The Compleat Angler or The Contemplative Man's Recreation*, ei av dei mest publiserte bøkene i engelsk litteratur, ein bibel for sportsfiskarar.

Sir Thomas Browne (1605–1682), engelsk lækjar, er mest kjent for den reflekterande boka si, *Religio medici*.

Bøker og menn

BOSTON MEDICAL LIBRARY, 1901.

ARTIKKELEN ER PÅ SJU SIDER.

Bøker har vore min store hugnad dei siste tretti åra og har vore til heilt uvurderleg hjelp og nytte.

Kor ofte kan det ikkje seiast om oss: *Das Beste was er ist verdankt er Anderen!*

Å studere fenomenet sjukdom utan bøker er som å segle utan sjøkart. Men å studere bøker utan pasientar er som ikkje å segle i det heile.

For allmenlækjaren er eit velbrukt bibliotek eit av dei få korrektiva mot prematur senilitet som så lett kan innhente han. Sjølvsentert, sjølvlærd, fører han eit einsamt liv. Dei daglege røynslene hans treng eit korrektiv frå grundig lesing eller frå samver med kollegar. Elles sluttar han å vera til nytte i det heile og samlar berre isolerte fakta utan sammenhang. Det overrasker kor lite lesing ein lækjar kan klara å praktisera med. Men det overrasker ikkje kor dårleg han gjer det.

Ved å nytte fersk kunnskap frå tidsskrift kan den unge lækjaren snøgt oppnå namn og gjetord slik han ønsker det.

For ei serskild gruppe personar i profesjonen vår er bøker kjærare enn for lærarar og praktikarar. Dei er ein liten, famalet flokk. Men i røynda er dei surdeigen til heile profesjonen. Dei profane kallar denne flokken bibliomane. Vi treng fleire personar av deira kaliber, serleg i dette landet, der alle skrik etter det matnyttige!

I dag som på Platon si tid, finst det for kvar av oss ei høgare såvel som ei lågare utdanning. Denne høgare utdanninga treng vi sårt i dag. Vi får den ikkje på skulen og ikkje kan den kjøpast. Kvar og ein av oss må stri oss fram til den inni oss sjølv. Det handlar om den umerkelege påverknaden av karakter på karakter. Kanskje erfarer vi den sterkest gjennom å studere liv og levnad til dei store og gode frå farne tider, gjennom «*the touch divine of noble natures gone*».

Eit bibliotek er ein stor katalysator.

Medisin i det nittande hundreåret

JOHNS HOPKINS HISTORICAL CLUB. JANUAR, 1901. PUBLISERT I THE SUN, NEW YORK. ARTIKKELN ER PÅ 44 SIDER.

I tallause generasjonar hadde profetar og kongar ynskt å sjå og høre det som menneska fekk sjå og og høre i det vidunderlege nittande hundreåret.

Politisk, sosialt og moralsk hadde forholda betra seg, men for einskildmennesket, individet, var det lita von. Kald filosofi kasta litt ljós på mennesket sin stig, religion i ymse utgåver trøysta syrgjande hjarto. Men ingen makta å ta bort lidinga si forbanning frå den syndefulle lagnaden til adamsætlingen!

Ingenting kan jamførast med at mann, kvinne og barn no lid mindre når sjukdom eller ulykke har råka dei. Dette vedkjem kvar einskild av oss personleg. Det er prometheusgåva til oss frå det nittande hundreåret!

Oppvakninga kom i Frankrike. I 1801 publiserte Bichat eit verk om generell anatomi. Laënnec oppdaga kunsten å auskultere.

Medisin er ei digert kunnskapsområde. Den skal dyrkast som vitskap og fremjast som kunst.

Kampen mot polyfarmasi eller bruken av masse medikament er enda ikkje over.

Fleire menneske dør av oveting enn av sverdet. Vaksne menneske et altfor mykje.

Som Galen seier, tillit og von gjer meir godt enn medisinar, «den som folk har tillit til lækjer flest og best.» Vi lækjarar har aldri hatt og kan aldri nokon gong få monopol på vidundermedisinen tillit og von.

Tru på gudar eller helgenar lækjer den eine, tru på små pillar ein annan, hypnose eller suggesjon ein tredje og tru på lækjaren sin ein fjerde. Tru vil ikkje lækja kreft eller lungebetennelse eller setje eit brote bein på plass, men å ha ei tru er verdfullt. Utan det ville vi vere ille stelt. Men folk er grenselaust godtrugne og lette å få med seg i alt som gjeld helse og sjukdom!

Merknad: Osler gir i denne artikkelen eit grundig oversyn av utviklinga til vitskapleg medisin i det 19. hundreåret. Han inkluderer vitskapleg medisinsk forskning og fenomenets spesialisering. Han behandler førebyggande medisin med vekt på infeksjons-sjukdomar og bakteriologi.

Prometheus var ein gresk titan. Hesiod fortel at Prometheus stal elden frå Zeus og gav den til menneska.

Bichat, Marie-François-Xavier (1771–1802)

Laënnec, René-Theophile-Hyacinthe (1781–1826)

Sjåvinisme i medisinien

CANADIAN MEDICAL ASSOCIATION, MONTREAL, 1902.

ARTIKKELN ER PÅ 25 SIDER.

«*Sjølv kjänner eg meg ikkje fråstøytt slik eg ser mange andre vert det: eg kan godt vere saman med utlendingar og har ingen fordommar mot franskmenn, italienarar, spanjolar eller nederlendarar.*» Sir Thomas Browne i *Religio Medici*.

Som alt anna godt og varig i denne verda er moderne medisin eit produkt av det greske intellektet. Fantasi til høgre! Fakta til venstre! Profesjonen vår har edle anar. Ingen annan profesjon kan vise til slik ubroten kontinuitet når det gjeld metodar og ideal.

Profesjonen vår er universell som ingen annan. Over heile den siviliserte verda har vi dei same måla, metodane og oppgåvane. Å førebygge sjukdom, lindre liding og lækje dei sjuke, det er arbeidet vårt.

Profesjonen vår er progressiv. Tufta på vitskap gjorde den i det minneverdige nittande hundreåret større framsteg enn nokon gong før i soga.

Profesjonen vår gjer meir godt enn nokon annan. Du finn snautt i menneska si soge større goder enn smertestilling, asepsis og offentleg hygiene med alt det omfattar. På eit kort halvsekkel løyste medisinien menneska frå lidingar som vart sett på som ævelege og uløyselege. Ingen annan lerd profesjon eller andre kan syna til noko liknande.

Men vår største synd er kanskje at vi kjänner oss betre enn andre. Sjåvinisme er ein snikande og fårleg sinnstilstand.

Nasjonalisme har vore menneska si største forbanning.

Men ikkje alle sider av nasjonalisme er därlege. Vi har alle lov og rett til å vere byrge av fedrelandet.

Fåkunne er rota til nasjonalisme. Når ein professor seier at han ikkje vert inspirert av arbeidet til utanlandske kollegar, då er han, med eit arabisk ordtak, ein tosk, unngå han!

Personleg, direkte samver med folk frå ulike land, når hugen er ung og plastisk, er den beste vaksinasjonen mot nasjonalisme.

Lat ungdomen, serleg dei som ønsker å bli akademiske lærarar, dra utanlands! Heime kan du rett nok finne klinikkar og laboratorier som er likeså gode som nokon i verda. Men i utlandet kan du finne meir enn du leiter etter. Du kan lære å skjöne andre betre, få høgare ideal, ja, kanskje litt av ein *Weltkultur*. For resten av livet vil det vera det beste vern mot nasjonalisme.

Tenk på framstega som fransk medisin gav profesjonen vår i første halvdelen av det nittande hundreåret! Tenk på kva vi skulder tysk vitskap i den andre halvdelen! Tenk på engelsk, praktisk innsats i offentleg hygiene og asepsis!

I renessansen fanst det ikkje nasjonalisme i medisinien. Ei open, internasjonal innstilling let store leirarar som Vesalius,

Eustachius, Stensen og andre føle seg heime i alle europeiske land.

Tyranni frå fagforeningar, trustar og ei uansvarleg presse kan plage folk like mykje som politisk einevelde i si verste form.

Eit menneske si indre verd kan frigjere det frå omgivna-

den.

Innval er like skadeleg for fakultet som for fe.

Allmenlækjaren er standarden vi blir målt etter. Det han er, er vi. Å gjere han god er vårt høgaste mål som lærarar, å verne han frå vondt skulle vi som laug alltid ha for auga.

Allmenlækjaren lyt hugse på at han treng livslang læring for å halde seg orientert. I ein slitande praksis lyt han halde tanken fri og frank. Liksom fuglen si flukt krev vedvarande vengeslag, slik krev meistring av lækjaryrket stadig innsats. Mange fortviler og gir opp strevet.

Diagnose, ikkje medisinering, er vårt viktigaste våpen.

Allmenlækjaren lever fárleg. Ikkje berre kan han misse helse, fritid og kvile, men også evna til å tenkje sjølvstendig. Meir enn nokon annan føler han det tragiske ved å stå aleine. Livsens salt for allmennlækjaren er å vera skeptisk utan å virke sårande. Han må ha sans for årleg tvil.

Profesjonen har ingen verre fiende enn dei store, useriøse, farmasøytske firmaene. Vi kjenner alle alt for vel reklameposten som flymmer inn over oss. Kvar side av den illustrerer kor sant det er at til mindre ein veit, til meir skråsikker er ein.

Jamvel dei mest respekterte farmasøytske firmaene er skuldige i arrogante, uvitande og skråsikre påstandar i litteraturen sin.

Sume legemiddelkonsulentar uttrykker seg med den største visse om slikt som våre beste lækjarar er i tivil om.

Håttlaust og tankelaust gløymer vi at mennesket lever ikkje av brød aleine. Mange av oss er nøydde til å praktisere lækjaryrket frå morgen til kveld. Då er det vanskeleg å sleppe unna dei uheldige følgene av rutine. Tankelivet vert innsnevra av den stadige konsentrasjonen om eitt fag, same kor interessant det er.

Lækjaren treng kultur like mykje som kunnskap. Ingen annan treng det meir.

Kvar og ein av oss kan oppnå ei høgare indre frigjering frå dagens kjas og mas.

Merknad:

Vesalius, Andreas (1514–64) var ein flamisk lækjar. Han er mest kjend for det epokegjerande anatomiske verket sitt, *De humani corporis fabrica*, som kom ut i Basel i 1543.

Eustachius eller Bartolomeo Eustachi (1520–74) var ein italiensk lækjar og anatom, kjent for granskingsar på nyre, hørselsorgan og hjerne.

Steensen, Niels eller Steno, Nicolaus (1638–86) var ein dansk lækjar, anatom og geolog, mellom anna kjent for oppdaging av utførselsgangen til glandula parotis. Han gjekk elles over til ka-

tolisismen i 1667 og vart biskop. Han valde å leve i streng askese og gav alt han eide til dei fattige. Det har vore arbeidt med å få han kanonisert.

Sume sider av amerikansk medisinsk bibliografi

ASSOCIATION OF MEDICAL LIBRARIANS, 1902.

ARTIKKELEN ER PÅ 17 SIDER.

Ingen treng ottast at eigen klokskap skal fordervast ved å lesa. Det er ikkje vanleg å rekna den for vis som ikkje vil lære. Likevel synest det som om sume meiner nett det. Dei lit berre på eiga røynsle og aviser alle andres. (Friend, *History of Physic*, band I).

Ein travelt oppteken praktiserande lækjar kan samtidig vere ein bokelskar, jamvel ein bokorm. Men det er trist å tenkje på at mesteparten av bøkene på hyllene våre er ubrukelege. Der står dei gamle oppslagsverka og ordbøkene og rader med utgåtte tidsskrift. Der har vi endelause utgåver av lærebøker som er like døde som forfattarane deira.

Ein ekte bibliofil bryr seg ikkje så mykje om boka som om liv og tankar til forfattaren. Ta vare på kvart eit ord som edle sjeler har skrive!

I litteraturen kan vi sjå korleis tre store straumar av engelsk, fransk og tysk medisin har danna den breie floden av amerikansk medisin som vi flyt på: det tilpassingsdyktige, det kläre og det grundige.

Sjukehuset som skule

ACADEMY OF MEDICINE, NEW YORK, 1903.

ARTIKKELEN ER PÅ 13 SIDER.


Sjukehuset er den einaste rette skulen for medisinstudenten. (Abernethy).

Utfordringa for oss som akademiske lærarar er kort og godt å utdanne studentane våre til vetuge praktikarar. Det er målet med alle institutta, dei mange laboratoria, dei innflokte studieplanane og dei palassliknande bygningane våre.

La oss kalle det natura si undervisningsmetode når studenten byrjer med pasienten, held fram med pasienten og ender studiene sine med pasienten. Bøker og førelsingar nyttar han som verktøy, som middel til å nå eit mål.

Vi krev for mykje av studenten, vi prøver å lære han for mykje. Gi han gode metodar og ein rett synsvinkel, så kjem alt anna med aukande røynsle.

På vegne av medisinstudentane misunner eg sjukepleiarane, som lever i dagleg kontakt med dei sjuke.



William Osler by JS Sargent.
(By courtesy of College of Physicians,
Philadelphia, USA).

Personleg har eg alltid vore motstandar av å undervise med fokus på eksamen.

Studenten er ikkje på sjukehuset for å tilegne seg all mogleg kunnskap. Han skal lære å observere og behandle sjukdom, eller betre: korleis han skal behandle pasientar.

Metoden som eg er talmann for er ikkje ny, det er den same som Boerhaave nytta.

Merknad: Abernethy, John (1764–1831) var kirurg ved St. Bartholomew's Hospital i London. Han var elev av den store kirurgiske og anatomiske reformatoren John Hunter.

Boerhaave, Hermann (1668–1738) var ein nederlandsk lækjar og professor i Leiden. Han underviste lækjarar frå heile Europa ved tolv pasientsenger. Viktige impulsar frå Boerhaave kom til å prega den medisinske undervisninga i Edinburgh, Wien og ved tyske universitet. Vekta vart lagt på pasientnær undervisning.

Utdanningsverdien til medisinske lokallag

TALE VED HUNDREÅRSUBILET TIL NEW HAVEN

MEDICAL ASSOCIATION, NEW HAVEN, 6. JANUAR 1903. ARTIKELLEN ER PÅ 17 SIDER.

Mangel på energi er ein av grunnane til at så mange personar slutter å utvikle seg i mogen alder. Dei manglar både vilje og metode og ofrar ingen ting for å tilegne seg kunnskap. I ein viss alder stivner hugen deira like mykje til som lekamen. (Jowett's Introductions to Plato)

Ingen treng meir denn den praktiserande lækjaren å hugse på at Platon sine kloke ord om at utdanning varer heile livet.

Forandring er livets lov. Korkje to andlit eller to lekamar

er like. To personar reagerer og oppfører seg ikkje likt under dei unormale forholda som vi kallar sjukdom.

Medisinsk praksis er ikkje forretning og kan aldri bli det.

Utdanning av hjarta, mennesket si moralske side, må gå jamt med utdanninga av hovudet.

Lat oss godta menneska slik Vår Herre skapte dei og ikkje vente for mykje.

Intellektuell latskap er den mest øydeleggjande lasta ein ung lækjar kan ha.

Utan spesielle arbeidsmål får du avis- og romanvanen. Du skusler bort tida på verdlaus litteratur. Systematiske lesevanar er sjeldne.

Lækjaren si etterutdanning kjem frå pasientar, frå bøker, tidsskrift og frå medisinske lokallag.

Som lækjarar tek vi ikkje ofte nok «vareoppteljing». Vi har ein tendens til å ha utgåtte varer på hyllene våre. Eit medisinsk lokallag hjelper lækjaren til å følge med tida, og gjer han i stand til å fylle hyllene med friske varer.

Ikkje eitt møte burde tilskipast utan å demonstrere pasientar, serleg slike som har sjeldsynte, uvanlege sjukdomar.

Eg tykkjer mest synd i den lækjaren som har førti konsultasjonar om dagen. Mange gode kollegar vert øydelagde av suksess i praksis.

Eit veldrive lokallag kan hjelpe godt til med å halde ved like vitskaplege studievanar.

hell, for det vesle han har av orden i livet sitt. Tak med dykk ei djup overtyding om kor verdfullt det er med system i arbeidet dykkar! Lat kvar time på dagen ha si faste plikt og dyrk konsentrasjonsevna!

Den artistiske sansen for perfekt arbeid er ein annan kvalitet som må dyrkast.

Den heilage Krysostomos gav eit vidkjend råd: drag bort frå hovudvegen og plant deg på inngjerda grunn. Det er vanskeleg for eit tre som står ved vegkanten å halde på frukta si til den vert mogen.

Det beste mottoet studenten kan ha er: «tenk ikkje på morgondagen»! Lat dagens arbeid vere nok, same kva framtidia har å by. Morgondagen får klare seg sjølv.

Å vere oppslukt i dagens plikter er den beste garanti for endeleg suksess. «Den som vaktar på vinden skal ikkje så og den som ser etter skyene skal ikkje hauste.»

De kan ha mykje av vitskapen sitt vatn og trua si olje der som de berre held dei fråskilde.

Det viktigaste er å få sansen for dagleg samver på livsvegen med edle sjeler frå alle tider. Den indre danninga som det vil gi dykk, vil vere den beste motgift mot den kynismen som tyre, ugunstige forhold sumtid vil skape hos enkelte. Kvar einskild må tilegne seg denne kulturen for seg sjølv.

Bruk dagens siste halvtime til samver med dei heilage i menneska si historie!

Dersom du samvitsfullt fylgjer Platon sitt ideal om å strebe mot det fullkomne, vil du lære tre viktige livsvisdomar: Du vil ikkje la eige sinne gå ut over andre! Du vil sjå at vi er her, ikkje for å få alt vi kan ut av livet for oss sjølve, men for å prøve å gjøre livet til andre lykkelegare. Den tredje livsvisdomen er den vanskelegaste: loven vert i eit høgare liv bare oppfylt ved nestekjærleik!

Merknad: Sankt Krysostom levde i tida 347-407. (Chrysostomos tyder mannen med gulltunge eller gullmann) Han var ein tidleg kyrkjefader og erkebiskop av Konstantinopel.

Meisterordet i medisin

UNIVERSITY OF TORONTO, 1903. ARTIKKELEN ER PÅ 23 SIDER.

*Det er betre å bygge opp sjel og tanke steg for steg og såleis umerkjelg vinne nye krefter og ny hug etter kunnskap, enn å legge vidloftige planar som aldri kan fullførast. (Jowett, *Introductions to Plato*).*

*Når det gjeld vanane våre, er vi herrar bare over byrjinga. Etter kvart utvikler dei seg umerkjelg, slik som ein sjukdom (Aristoteles, *Etikken*).*

Meisterordet eg vil gi dykk er lite, men viktig. Det er eit «sesam, opne deg» til kvar ei dør, det er den store likestilleren i verda, dei vise sin stein som skaper om alle uedle metall hos mennesket til gull.

Meisterordet er arbeid. Som eg sa, det er lite. Men det får viktige følger dersom de kan skrive det på tavlene i hjarto dykkar og binde det på panna.

Det er betre å ferdast med von enn å kome fram. Sann siger ligg i strev.

Første steget for å vinne fram i noko yrke er å bli interessert i det. Som Locke sa det så godt: gi studenten smaken på kunnskap, så gjer du arbeidet hans levande.

Gløym alt anna, men ta med dykk dette rådet frå ein mann som har måttå stride ein hard strid, ikkje alltid med

Den fikserte perioden

JOHNS HOPKINS UNIVERSITY, 22. FEBRUAR 1905.

ARTIKKELEN ER PÅ 19 SIDER.

Intellektuell infantilisme er ein velkjent sjukdom. Det er sanneleg tragisk at intellektuell infantilisme er så utbreiddt, som følge av uforsvarlege intellektuelle kostvanar!

Progeri er ein stygg sjukdom i eit fakultet. Eg veit om heile fakultet som har hatt sjukdomen! Den progeriske sjølv er grei nok å sjå til og vere saman med, men han er steril. Den mentale horisonten hans er innskrenka og han er ute av stand til å assimilere dei nye tankane i tida frå neste generasjon. Denne sjukdomen er som så mange andre lettare å førebygge enn å lække.

Det effektive, grensesprengjande, vitalisante arbeidet i verda vert gjort i alderen tjuefem til førti år. Desse gyldne femten åra er rike, anabole, konstruktive!

Den eldre akademiske læraren kan spele rolla som jordmor slik Sokrates gjorde det for Theaetetus. Han kan vurdere om tankane som dei unge kjem fram med er vanskanner eller sanne og edle frukter.

Berre dei som lever saman med unge held ved like eit friskt utsyn på dei nye utfordringane i verda. Det akademiske lærarlivet burde ha tre periodar: studier til tjuefem, forskning til førti, profesjon til seksti. Då burde læraren bli pensjonert med dobbel løn!

Studentlivet

FARVELTALE TIL AMERIKANSKE OG KANADISKE MEDISINSTUDENTAR, 1905. ARTIKKelen er på 27 sider.

Studenten er ofte som diktaren, han er fødd, ikkje laga. Den sanne studenten er ein verdsborgar.

Dei store sjelene, dei store verka, krysser alle grenser av tid, språk og rase.

Dersom forskaren vil arbeide effektivt, må han halde kontakt med forskarar i andre land.

Studenten må ha full fridom i arbeidet sitt. Han må ikkje uroast av filistaren sitt matnyttige skrik om noko er matnyttig, med forakt for rein vitskap.

Mest alt er blitt nytt i medisinens vitskap og kunst. Men ned gjennom lange hundreår har grunnlinene i det livet som vi hegner om og tek vare på vore dei same. Dei er med oss i dag, ein Hamlet, ei Ophelia og ein Lear. Arbeidet vårt er lagt i ein æveleg arv av sorg og liding.

Ingenting vil betre halde dykk oppe enn evna til å oppdage livet sin sanne poesi, midt i dagens kav og mas.

Sjå kvardagens poesi, i den vanlege mannen, i den slitne kvinnen, i deira elsk og leik, i deira suter og sorger. Også livets komedie vil opne seg for dykk!

Eit lyst sinn og eit godt humør og eit oppmuntrande vesen hjelper godt både under medisinstudiet og i praksis.

Del tida di likt mellom bøker og menneske. Er du altfor oppteken med bøker, kan du misse evna til å omgås folk.

Lækjaren treng minst tre ting for å stimulere og vedlikehalde utdanninga si: ei notisbok, eit bibliotek og støvsuging av hjernen kvart femte år.

Politikk har øydelagt mang ein landsens lækjar og ofte dei beste.

Blandt venene mine har eg allmenpraktikarar som eg heller ville ha bytt plass med enn nokon andre i våre rekkjer. Dei er karaktersterke og pliktoppfyllande og gjer meg stolt av profesjonen

Så utbreidd er intellektuell død at vi snautt nok snakkar

om det til venene våre. Den verkelege tragedien er den morske døden. Den råkar i ymse former så mang ein god kollega som fell bort frå den reine, ærefulle og rettvise tilbedinga av Minerva, til dyrkinga av Bacchus, Venus eller Circe.

For kvar og ein av dykk vil lækjaryrket verte slik det sjølve gjer det til: for sume eit sutefullt mas utan stogg. For andre vil det bli ei dagleg glede, eit liv med så mykje frygd og nytte som eit menneske vel kan vone å få!

Einskaps, fred og semje

EIN FARVELTALE TIL DEN MEDISINSKE PROFESJONEN I USA, GITT VED THE MEDICAL AND CHIRURGICAL FACULTY OF THE STATE OF MARYLAND, 1905. ARTIKKelen er på 17 sider.

Mange ser på idealistar som uklare drøymarar som strevar etter det umoglege. Men i verdshistoria har desse ofte gradvis makta å forme dei mest vanskelege og vonlause forhold slik dei ønsker det.

Medisin er den einaste verdsomfemnande profesjonen. Den fylgjer overalt dei same metodane, er stimulert av dei same utfordringane og trår mot dei same måla. Korkje kyrkja eller jussen er verdsomfemnande homogen i same grad.

Etter mi mening er det tre hovudårsaker til personleg strid mellom lækjarar. Den første er mangel på personleg, venskapeleg omgang med kvarandre. Berre gjennom det lærrer vi å kjenne kvarandre.

Den andre er mangel på medmenneskeleg omtanke og omtale. Vi har mista den fine sansen for det tragiske elementet i denne lasta og for korleis den øydelegg karakteren.

Den tredje er folkesnakk. Lytt aldri på ein pasient som tek til å fortelje om kor ansvarslaus og unyttig ein kollega er. Avbryt han, for du veit at om få månader vil han fortelje same soga om deg! Tru aldri på det negative som ein pasient fortel om ein kollega, endå du kan aue at det er sant.

Utan å vite det kan eg ha skote ei pil over huset og såra ein bror. Dersom det har skjedd, er eg lei meg og ber om tilgjeving.

Eg har vore djupt overtydd om at strid skaper hat. Enda djupare er eg overtydd om velsigningane som kjem med einskap, fred og semje!

Eg gir dykk eit einaste bodord som farvel: «Det er ikkje lønt for deg, heller ikkje er det langt borte. Det er ikkje i himmelen, så du slepp å seie: Kven skal gå opp for oss til himmelen og bringe det til oss, så vi kan høre det og gjere det? Heller ikkje er det bortanfor havet, så du slepp å seie: Kven skal dra over havet for oss, og bringe det til oss, at vi kan høre det, og gjere det? Men ordet er svært nær deg, i munnen din og i hjarta ditt, så du kan gjere det: nestekjærleik.»

L'envoi (sluttord)

TALE VED EIN FARVELMIDDAG GITT AV PROFESJONEN I USA OG CANADA I NEW YORK, 2. MAI 1905.

«*Eg er ein del av alle eg har møtt.*» (*I Ulysses, av Tennyson*).

Eg har hatt to mål i profesjonen: for det første å bli ein god klinisk lækjar. For det andre ville eg bygge opp ein stor klinikk etter tysk føredøme, ikkje slik som før her og i England.

Eg har hatt tre personlege ideal. Det eine har vore å gjere dagens arbeid godt og ikkje bry meg om morgondagen.

Det andre har vore å leve etter Den gylne regelen så godt eg kunne, mot kollegar og mot pasientar eg hadde ansvaret for.

Det tredje har vore å dyrke såpass sinnsro at eg kunne vere audmijk trass i framgang, at eg kunne nytte veners truskap utan ovmod, og at eg kunne vere budd når dagen med sorg og sakn kjem å møte den med eit mot som det sømer seg ein mann.

Forfattaren vonar at han har kunna formidla litt av William Oslers sjel og tankar til lesarane.

Dei som eventuelt ynskjer å tinge originalverket, Aequanimitas, på engelsk, kan gjera det på Internett. Boka er å få hos Amazon.co.uk og kostar ca. 36 pund sterling.

Litteratur.

1. Cushing H. *The life of Sir William Osler*, Volum 1-2. London, New York, Toronto: Oxford University Press, 1940.
2. Abbot ME (red.). *Sir William Osler Memorial Number*. Bulletin no. IX of the International Association of Medical Museums. Andre trykking. Montreal: privat utgitt, 1927. (Første trykking i 1926)
3. Osler W. *Bibliotheca Osleriana*. Montreal og London: McGill-Queen's University Press, 1969
4. Aggebo A. *Sir William Osler*. Læge og livskunstner. København: Astra as, 1966.
5. Osler W. *Aequanimitas*. Withe other addresses to medical students, nurses and practitioners of medicine. Tredje utgåve. New York, Toronto, London: McGraw-Hill. Årstal ikkje oppgitt. Første utgåve kom i 1906, andre i 1926.
6. Grant T. *This is our work. The legacy of Sir William Osler*. Pakenham, Ontario: 5 Span Books, 1994.